

Pris Landskap og Utvikling (30 stp)

Generelt: HLB er ein privat høgskule med lite statsstøtte. Difor er me avhengig av ei viss studentbetaling. Me har likevel vedteke å halda denne så lågt som råd. Samtidig ønskjer me å markera enno tydelegare at studieturane innanfor dei ulike kursa er viktige og integrerte delar av undervisninga. Brorparten av kostnadene med desse er difor inkluderte i modulprisen.

Modulprisar blir sette på grunnlag av faglege aktivitetar og studietur (inkl. gjennomførings- og førebuingkostnader for denne).

Modulprisane dekkar uansett all undervisning og rettleiing både i klasserom og over elektroniske medium (elektronisk læringsplattfom Modul). Eksamensavgifter er også inkluderte i modulprisen. Pensumlitteratur er *ikkje* dekket.

Når det gjeld dei studentar som følgjer undervisning via lokale studiesenter, må kvar student ta kontakt med eige senter for å finna eventuelle lokale avgifter. Desse er ikkje dekket i studieavgift til HLB.

LoU (30 studiepoeng) – Kr. 20 100,-

Modulen inkluderer utvida feltkurs i Noreg (samling) med fokus på landskap som ressurs. Stad blir avgjort før studiestart. Følgjande er inkludert i modulprisen:

- 2 overnattingar
- Måltider frå ettermiddag dag 1 til lunsj dag 3

Studentane tek seg fram til staden der feltkurset blir halde på eiga hand.